

ÅRSPLAN 25/27

Sandven FUS barnehage



Sandven

INNHALD

1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon
Verdiar
Hovudmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom
Demokrati
Mangfald og gjensidig respekt
Likestilling og likeverd
Berekraftig utvikling
Livsmeistring og helse

4. Barnehagen sitt føremål og innhald

Sosioemosjonell støtte og veiledning
Organisering og rettleiing
Læringsstøtte

5. Barn sin medverknad

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid
Samarbeid med andre instansar

7. Overgangar

Tilvenning i barnehagen
Overgangar innad i barnehagen
Overgang frå barnehage til skule

8. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Lærande organisasjon
Planlegging
Vurdering
Dokumentasjon
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte.

9. Barnehagen sine fagområde

10. Vårt fokusområde: kunst, kultur og kreativitet





**BARNET
FØRST!**



1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE



Årsplanen viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37). Årsplanen beskriv korleis me jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.

Visjon:

Saman gjev me barndommen verdi: Venskap, leik og glede, og kvardagsmagi

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva me ynskjer at FUS-barnehagane skal oppnå – i dag og i framtida. Visjonen er det me strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen:

- Me set frileiken høgt og gjev stor plass til den i kvardagen. Frileik fremjar kreativiteten, og barna lærer å løysa problem og forhalda seg til andre. Dei lærer også om seg sjølv gjennom å setje ord på kjensler og opplevingar.
- Me jobbar mykje med sosiale relasjonar og venskap i vår barnehage. Me brukar ulike observasjonsmetodar for å forstå barna og deira sosiale samspel. Dersom me observerer nokon som er utanfor, set me i gong eit arbeid for å skapa eit godt psykososialt barnehagemiljø for alle.
- Å skapa kvardagsmagi er viktig. Saman med barna lagar me oss gode, små, magiske augneblink. Ofte oppstår denne magien spontant. Me er her og no, og til stades med barna.

Verdiar:

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva me står for, kva me trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjere visjonen.

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

- Me ynskjer å ha glødande vaksne i barnehagen vår. Vaksne som gler seg til å gå på jobb kvar dag, og til å vera med barna i lek og samspel. Vaksne som meiner at den viktigaste jobben ein kan ha er å jobba med barn.
- I barnehagen vår er me skapande. Me har kunst, kultur og kreativitet som satsing, og dreg dette fagområdet med oss i store delar av kvardagen. Saman med barna utforskar me ulike materiale og metodar, brukar kreativiteten og fantasien vår, og undrar oss saman.
- Tilstadeverande vaksne er viktig gjennom heile barnehagekvardagen. Når me er tilstade der barna er, har me heile tida ei god forståing for korleis barna har det og kan møta dei på det dei treng.

HOVUDMÅL

- FUS barn har eit positivt sjølvbilet
- FUS barn er trygge, utforskande, trivst i lek og har venekompetanse
- FUS barn gler seg til «resten av livet» og veit at dei har høve til å påverka og at innspela deira tel.
- FUS barn har det kjekt i barnehagen.

Våre metodar for å jobba mot måla:

- Dei tilsette deltek på kompetanseutvikling
- Dei tilsette deltek på rettleiing
- Dei tilsette har plantid for planlegging, organisering og eigenutvikling
- Dei tilsette er deltakande i barna sin lek og kvardag
- Dei tilsette skaper dagar med variert innhald for barna



I FUS barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Det inneber at alt me gjer skal vera til barnet sitt beste. «Barnet først» er òg namnet på kompetansesatsinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle våre barnehagar.

I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Fyrst ei beskriving av kva rammeplanen seier, så ei beskriving av korleis me vil gjennomføre dette i praksis.



2. OM BARNEHAGEN

Sandven FUS barnehage har to basar med fleire avdelingar/grupper. Storbarnsbasen Fjell er delt inn i 3 aldersinndelte grupper; Måneklubben (5-åringane), Firkløver (4-åringane) og Jordbær (3-åringane). På småbarnsbasen Fjord går 1-åringar på Blå og 2-åringar på Grøn gruppe.

Alle barna har ein primærkontakt og ein pedagogisk leiar. I tilvenningsfasen er det ein av desse som tek i mot barna og foreldra, viser dei rundt i barnehagen og knyter den næraste kontakten med barna. Seinare har primærkontakten og pedagogen ansvar for observasjon av barna, og skal sikra at barna vert sett og følgd opp saman med dei andre tilsette i barnehagen.

Me jobbar for å gje barna ein kvardag med variert innhald der me nyttar heile bygget vårt, grillhytta, verkstaden, minibussen, faste turplassar og nærområdet. Me er opptekne av å vera tilgjengelege og på golvet med barna for å skapa gode relasjonar og opplevingar. Me ynskjer det beste for kvart barn, og set BARNET FØRST!

Sandven FUS barnehage AS

Adresse: Gamle Dalavegen 38,
5600 Norheimsund

E-post: dl.sandven@bhg.no

Telefonnummer: 56 55 32 10
tast 0 for dagleg leiar
tast 1 for Fjord
tast 2 for Fjell

fus.no/sandven

Facebook: Sandven FUS barnehage

Instagram: @sandvenfus



3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlalt, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar òg sitt eige liv.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

I Sandven FUS barnehage er me opptekne av å anerkjenne og ivareta barndommen sin eigenverdi. Me ynskjer at alle barn skal trivast, oppleve venskap og vera deltakande i leik. Barnehagen skal gje leiken ein sentral plass, og skal vera ein trygg arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Me vil inspirera til å gje rom for ulike typar leik både inne og ute. Me ynskjer å fremja eit inkluderande miljø der alle barn og vaksne kan delta i leik.

Nokre barn kan oppleve å ikkje meistre leiken. Då vil me vaksne ha eit ekstra fokus på desse barna, blant anna gjennom å nytta eigne leikegrupper. I leikegruppene er me vaksne med som støttande stillas og rettleiar barna i å meistre leiken.

Me skal møte barna som individ, og ha respekt for barna si oppleving av verda. Det er viktig for oss at barna, i eit fellesskap med andre, utviklar eit positivt syn på seg sjølv og har tru på eigne evner. Me møter

barna med empati, og vil gje dei moglegheit for å vidareutvikle eigen empati og evne til tilgjeving. Barna skal få oppleve omsorgsfulle, trygge vaksne som er til stades og som ser dei og trøyster når barna har behov for det. Alle handlingar og avgjersler me gjer som gjeld barna, skal vera til barna sitt beste.

Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Våre metodar for å fremje demokrati:

Verda og Noreg er stadig i endring. Barna i barnehagen skal få moglegheit til å utvikle forståing for samfunnet og den verda me alle er ein del av. Barnehagen skal vera ein plass som skal fremje demokrati og eit fellesskap der me har respekt for kvarandre.

For å få til dette er det viktig at me vaksne ser, anerkjenner, lyttar, observerer og er aktive deltakarar saman med barna. Ved å setje ord på barna sine kjensler og gje dei ulike val, får barna vera med å medverke i eigen barnehagekvardag. Me skal leggje til rette for medverknad som er tilpassa alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov. Fleksible vaksne som kan endre på planar utifrå barna sine interesser, ynskjer og meiningar er ein annan faktor som er med på å fremje demokrati.

Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verd i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).



Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

I Sandven FUS barnehage møter me barn og vaksne med ulike erfaringar og bakgrunnar. Me er stolte av mangfaldet, og ynskjer å synleggjera dei ulike språka, nasjonalitetane og kulturane som er representerte i barnehagen. I tillegg til å markera FN-dagen kvar oktober er dette noko me skal arbeide med heile året gjennom arbeid med sosial kompetanse, venskap, undring og språkstimulerande tiltak. Me ynskjer at barna skal vera stolte av sin kulturelle bakgrunn samstundes som dei har respekt for og kunnskap om andre kulturar. I eit positivt klima behandlar me alle barna med respekt.


Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

Alle barna i Sandven FUS barnehage skal få eit likeverdig tilbod. Alle barn skal bli høyrte, sett og få delta i fellesskapet utifrå egne føresetnader. Barnehagen skal legge til rette for at alle barna kjenner tilhøyrse og meistring, og ha ei kjensle av at “eg er god nok” og “eg er verdifull”. Dette gjer me ved å vera lyttande og omsorgsfulle vaksne som ser og anerkjenner alle barn. Personalet skal vera gode rollemodellar. Me legg til rette for aktivitetar som gjev barna gode verdiar innan inkludering, likeverd, likestilling og mangfald gjennom året. Når me legg til rette for ulike aktivitetar skal me sikre at barna kjenner trygghet og meistring. I juni kvart år har me ei pride-markering der me har fokus på at alle er ulike, at alle skal få vera akkurat den ein er og at alle er like mykje verd.



Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

Barnehagen skal fremje verdjar, haldningar og praksis for eit berekraftig samfunn. Barna skal få erfaringar med å gje omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen. Barnehagen skal gje barna naturopplevingar, og la barna bli kjend med mangfaldet i naturen. Me skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handla etisk og vise solidaritet. På denne måten får barna kunnskap om kva me får av naturen og kva me kan gje tilbake til den.

Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).

Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

Barnehagen skal skape eit godt psykososialt barnehagemiljø for alle barn. Me jobbar for at barna skal kjenne på trivsel, livsglede, meistring og kjensla av eigenverdi. Eit godt psykososialt barnehagemiljø skapar tryggleik og samhald, og førebyggjer mobbing og krenking. Me er opptekne av å halde oss fagleg oppdaterte, slik at me best mogleg kan hjelpe barna der dei er. Livet kjem med både oppturar og





nedturar for alle, og det påverkar oss. For barna er det viktig at me vaksne ser, anerkjenner og møter dei på alle kjenslene deira. Som emosjonsrettleiande vaksne hjelper me barna til å setja ord på kjensler dei ikkje forstår eller ikkje klarar å setja ord på sjølv. Å gle seg saman og dela gode opplevingar med andre, vil gje barna positive kjensler, og kan vera grunnlag for gryande venskap.

Livsmeistring og helse høyrer saman. Dette omfattar fysisk aktivitet, psykisk helse, trivsel, matglede og sunne helsevaner. I barnehagen fremjar me god helse gjennom bruk av kroppen i lek og i fysisk aktivitet. Barna skal også få moglegheit til ro og kvile i løpet av barnehagekvardagen. Me legg til rette for at barna skal lære seg rutinar for hygiene, som til dømes etter toalettbesøk og før måltid. Barna får tilbod om god, sunn og næringsrik mat som dei får ta del i å førebu. Barn treng både variert mat og mat med dei rette byggjeklossane for å sikre at kropp og hjerne fungerer optimalt, og har nok energi til god lek og læring kvar dag.

Du kan lese meir om handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø ved å trykkje lenka du finn på siste side i dette dokumentet.



4. BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHOLD



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. »

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det inneheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barn si allsidige utvikling: sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leing, samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og rettleiing:

Sosioemosjonell støtte og rettleiing handlar om korleis dei tilsette klarar å skape ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle gode relasjonar med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknytning og ha ei oppleving av sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har ein god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

Sensitive voksne – trygge barn: Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på dei enkelte barn sine teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei merkar dersom barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteressert, og dei tilpassar åtferda si for å respondere på det dei ser.

Barns perspektiv og medverknad: Dei tilsette følgjer barna sine initiativ og idéar, viser fleksibilitet og ivaretek barna sitt perspektiv. Dei let barna uttrykke seg og etterspør barna sine idéar, gjev barna ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.



ORGANISERING OG LEIING

- Gruppeleiing og rettleiing
- Legge til rette for lek, læring og overgangar
- Variasjon

SOSIO-EMOSJONELL STØTTE OG RETTLEIING

- Sensitive vaksne – trygge barn
- Positivt og negativt klima
- Emosjonskompetanse
- Emosjonsrettleiing
- Barn sitt perspektiv og medverknad

BARNET FØRST!

LÆRINGS-STØTTE

- Eigenleiing i lek og læring
- Tilbakemeldingar
- Utvikling av omgrep, forståing og djupne-læring
- Språkstøtte



Emosjonskompetanse hos barn og tilsette:

Emosjonskompetanse handlar om å identifisere og forstå eigne kjensler og handtere frustrasjon. Det handlar om å hindre at stress og uro overveldar evna til å tenkje klart, og å ha kontroll over korleis og når ein uttrykker kjensler.

Emosjonsrettleiing: I emosjonsrettleiing er dei tilsette medvitne barnet sine kjensler, er tilstade, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnet sine kjensler. Dei går inn i kjensla til barnet, og set namn på kjensla. Viss naudsynt, hjelper og støttar dei barnet i problemløysinga.

Organisering og rettleiing

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skapar ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for lek og læringssituasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutinar og struktur for å skape føreseielegheit og tryggleik, slik at barna kan engasjere seg i meningsfulle og utviklingsfremjande aktivitetar.

Gruppeleiing og rettleiing: Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemd til ønska åtferd og gir trygge og føreseielege rammer.

Tilrettelegging for lek, læring og overgangar:

Avdelinga har klare rutinar og dei tilsette sikrar flytande overgangar. Barna kjenner til reglar, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt førebudde.

Variasjon: Det er varierte og interessante material i barna si høgde. Dei tilsette tek perspektivet til barn og legg til rette for barn si deltaking i aktivitetar.



Læringsstøtte

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gjev støtte til barna si læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der er skilnaden mellom det å berre lære fakta og det å lære korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av kvarandre og lagt vekt på. Barn si kognitive og språklege utvikling er avhengig av høva dei får til å nytte eksisterande dugleikar, og om dei tilsette støttar utviklinga etter kvart som desse vert meir komplekse. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktivt og opplever meining og engasjement. Rein instruksjon høver seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve meining for at læring skal kunne skje.

Utvikling av omgrep, forståing og djupnelæring:

Dei tilsette nyttar læringsfremjande diskusjonar og aktivitetar saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigne seg kunnskap, men også om å nytte denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barna si forståing, snarare enn berre å gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt som barna er kjende med. Gjenkjenning fremjar læring. Dei tilsette etterspør barn si tenking og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eiga læring for å få mest mogleg ut av ein situasjon/aktivitet. Når barna er i lek og held på med aktivitetar, kan dei tilsette gje hint (verbalt eller fysisk) eller stille spørsmål og kome med innspel for at barna skal halde fram med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål – svar – sekvensar, slik at barnet får ei djupare forståing av det aktuelle temaet.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar saman med barna, og fram – og tilbakevekslingar mellom barnet og den tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til barna. Dei stiller mange opne spørsmål, der det krev meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og vidareutviklar barna sine utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barna gjer. Dei har eit variert språk, forklarar ord og knytter ord til hendingar/erfaringar her og no. Dei tilsette har ein klar intensjon om å fremje barn sitt språk i samtalar mellom barna og mellom barn og tilsette.

Eigenleing i lek og læring: Dei tilsette støttar barna i si utvikling av eigenleingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering og igangsetting. Dei tilsette legg til rette for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barna sin lek.



BARNET FØRST!

Slik arbeider me med Barnet først:

Gjennom eit positivt klima fangar sensitive vaksne opp barna sine signal og uttrykk, er varme og byr på seg sjølv. Me er nær barna, både fysisk og psykisk. Barn har ulike behov ut ifrå alder og mogning. Alle barn skal oppleva å bli sett, forstått og respektert. Dei skal få moglegheit til å utvikla empati og her er dei omsorgsfulle relasjonane mellom barna viktige.

Hos oss er målet at alle barna skal kjenna seg trygge slik at dei ynskjer å prøva ut, undra seg og visa engasjement. På denne måten vil dei oppleva meistring og glede. Tryggleik og stabilitet er ein føresetnad for å kunna utvikla seg og læra. Me deler barna i faste grupper store deler av dagen, noko som gjer at barna kjenner tilhøyrslar både til andre barn og vaksne. Dei vaksne er opptatt av å skapa gode relasjonar til barna. Ein tett relasjon mellom barn og vaksne gjer at dei vaksne tidlegare plukkar opp ulike signal frå barna. Me verdset gode relasjonar mellom barna, og jobbar med å halda på og utvida desse. Me tek medvitne val i gruppedelingar og jobbar med leikekompetanse, blant anna ved å nytta leikegrupper.

I arbeidet med Tuning in to Kids (TIK), har me lært oss mange gode strategiar for å respondera på barna sine kjensler. Dei tilsette brukar også dette som eit verk-tøy for å bli kjende med eigne kjensler og grenser, og korleis ein på best mogleg måte kan handtera desse.

Dette er med på å utvikla oss til å bli gode vaksne som er til stades på alle plan. Barn som opplever emosjonsrettleiing blir meir robuste og blir meir rusta for utfordringar som møter dei i livet.

Barna hos oss skal bli “dusja” i ord. Dei vaksne namngjev gjenstandar og brukar parallellsnakk i kvardagen saman med barna. Me nyttar oss mykje av song, rim og reglar, bøker og forteljingar på begge basar. I samlingane nyttar me temabaserte vekeord kvar dag.

I Sandven FUS barnehage har me jobba med Barnet Først sidan august 2020. Me har i løpet av desse åra fordjupa oss i alle domena i CLASS og hatt lengre periodar med hovudfokus på Tuning in to Kids og emosjonsrettleiing.

Dei komande barnehageåra vil me repetera det me har vore igjennom til no. For å oppretthalda å sikra framleis god kvalitet i barnehagen vil me også fortløpande vurdere kva andre dimensjonar barnehagen har behov for eit fagleg løft innanfor. Me vil elles bruka rapportane etter CLASS-observasjonar som utgangspunkt for vidare arbeid på basane.



5. BARN SIN MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

Våre metodar for å sikre barn sin medverknad:

For at barna skal få kjensla av å medverka er det viktig at me vaksne ser barna. Me må anerkjenne dei, lytta til dei, observere dei og vera aktive deltakarar i dagen deira. Barna stiller forventingsfulle og nyfikne opp i barnehagen. Når dei vaksne møter barna på ein god måte, samhandlar med dei og observerer dei, kan dei sette ord på barna sine kjensler og ynskjer, og få innsikt i kva dei er opptekne av. Dette vert grunnlaget for barna sin medverknad i barnehagen.

Medverknad handlar ikkje berre om at barnet får det pålegget dei vil ha på skiva si, men også om å verta høyrd og tatt på alvor. Me har vaksne som følgjer barna sitt perspektiv, og gjev barna valmoglegheiter slik at dei sjølv kan vera med å bestemme. Me har vaksne som er interessert i, og fremjar barna sine uttrykk og idear. For å sikra at barna får medverka må dei vaksne i barnehagen vera fleksible og kunne endra og utvikla planar ut ifrå barne sine interesser, ynskjer og meiningar.





6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

Samarbeidet med foreldra er viktig for å skapa eit godt og heilskapleg tilbod kring barna. Den daglege kontakten ved henting og levering er viktig i kvardagen. I desse møtepunkta skal personalet fortelje litt om korleis barnet har hatt det i barnehagen, og foreldra kan fortelje korleis barnet har det heime og om dagsform. Ein god dialog er viktig for samarbeidet mellom foreldra og barnehagen.

Det er to faste foreldresamtalar i året. På haustsamtalen er det foreldra som fortel mest om livet og kvardagen kring barnet, og kva forventningar dei har til det komande barnehageåret. På vårsamtalen er det meir fokus på barnet si utvikling og trivsel i barnehagen. Dersom barnehagen eller foreldra ynskjer det, er det høve til å avtale samtalar utover dette. Me har to foreldremøte kvart barnehageår for heile foreldregruppa. Eit av desse er eit tema-møte. Utover dette har me også eit oppstartsforeldremøte for nye foreldre våren før dei nye minste byrjar i barnehagen. Me kan også tilby foreldrerettleiing gjennom programmet *Tuning in to Kids*.

Samarbeid med andre instansar:

- FUS
- Foreldre
- SU og foreldrerådet
- Kvam Herad
- Kvam Familie- og læringssenter
- Oppveksteininga i kommunen
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og PPT Lågterskel
- Barnevernet
- Helsestasjon
- Skular
- Andre barnehagar
- Høgskular



7. OVERGANGAR

Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

I Sandven FUS ynskjer me å gje alle nye barn ein best mogleg start anten dei er små eller store når dei begynner i barnehagen vår. Det vert invitert til besøksdagar i barnehagen for nye barn og foreldre før sommaren. Foreldra på småbarnsbasen Fjord blir òg invitert til eit eige informasjonsmøte der dei får høyre om barnehagetilbodet vårt. Me legg opp til ei tilvenning med utgangspunkt i alderen på barna og om dei har gått i barnehage før. Kvart barn har sin primærkontakt og pedagog som har ansvar for tilvenninga og oppfylginga i tida etterpå, då i samarbeid med dei andre vaksne på basen.

Tilvenningstida på Fjord og Fjell kan ha litt ulik lengd, då dei som begynner på Fjell ofte har gått i barnehage før. For dei nye småbarna som startar i barnehagen for fyrste gong, er det viktig at tilvenninga strekkjer seg over tid, og hos oss strekkjer den seg over ei veka. Dei to fyrste dagane er barnet saman med foreldra den eine timen dei er i barnehagen. Dei neste dagane vert opphaldstida auka gradvis, og ein vert einig med foreldra om når dei trur det passar å forlate barnet. Det kan vera vanskeleg å forlate barnet sitt til framande den fyrste gongen, og me gjer alt for at både barn og foreldre skal kjenna seg trygge.

Overgang frå Fjord til Fjell

«Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang frå Fjord til Fjell:

I forkant av overgangen frå Fjord til Fjell prøver me å trygge barna på den nye basen før dei startar der. Våren før barna skal flytta frå Fjord til Fjell er dei fleire gongar på besøk på Fjell. Primært er dei på besøk i det området deira avdeling skal vera til hausten. Dei fyrste gongane dei leikar på Fjell er det utan at det er andre barn frå Fjell der og dei er berre saman med vaksne frå Fjord. Etterkvart vert desse besøka utvida med at det er Fjell-barn til stades og også nokre av dei vaksne som dei skal vera saman med til hausten. Så langt det let seg gjera følgjer ein vaksen frå Fjord barnegruppa over på Fjell. Det blir gjennomført eit overføringsmøte mellom pedagogane på Fjord og pedagogane på Fjell før sommaren. Her blir det snakka om kvart enkelt barn og me sikrar at barnet sin framtidige pedagog får naudsynt informasjon.

Overgang frå barnehage til skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang til skulen:

Me kallar dei eldste barna i Sandven FUS barnehage for Måneklubben. Dei som er i Måneklubben får ein del opplevingar og erfaringar som dei ikkje har fått

tidlegare i barnehagetida si. Me er medvitne på å øve på ulike ferdigheiter og aukar krava til dei eldste barna gradvis, for å fremja sjølvstende og meistring. Ein dag i veka har Måneklubben ein skuleførebuande aktivitet, som heiter “1-2-3 Eg er med”. Kvar vår har Måneklubben ”Hjartetreff” der me tek opp ulike tema som berøringar, kjensler, mobbing, løyndomar og kroppen. Måla med desse gruppene er at barna skal verta trygge på seg sjølv og dei andre, og at dei skal utvikla grunnleggande ferdigheiter som er gode å ha før skulestart. Me ynskjer at dei vert rusta til å setje grenser for seg sjølv og andre, og bli trygge på å snakke om ulike tema med trygge vaksne.

I løpet av våren går Måneklubben fleire gonger ned til skulen for å leika og verta kjend på skuleplassen. I vårhalvåret møter skulekulla i barnehagane i Norheimsund kvarandre for å verta litt kjende før skulestart, og kontaktlærarane kjem på besøk i barnehagen før sommarferien. Den skulen barnet skal byrja på inviterer alle komande fyrsteklassingar til vårskule. På vårskulen får dei helse på lærarar og fadrane sine og får gjera kjekke aktivitetar i lag.

I samband med gode overgangsrutinar i kommunal plan for overgang barnehage – skule, sikrar me god informasjonsflyt mellom barnehage og skule. Dette gjer me for at barnet skal få ei mest mogeleg tilpassa opplæring i eit godt læringsmiljø. På den måten får skulen høve til ei best mogeleg førebuing til å ta i mot kvart enkelt barn.



A photograph of three young children in a kitchen-like setting, playing with flour. One child is in the foreground, wearing a pink shirt and blue overalls, with their hands raised. Two other children are behind them, also with flour on their hands. A white bowl and a red container are visible on the left. The background is a light green wall with some papers.

8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnleggjande i barnehagelova og rammeplanen.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er vi lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerleg utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg fagleg oppdaterte og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: «en lærande organisasjon er en organisasjon som kontinuerlig forbedrer sin evne til å skape sin egen framtid.» Me legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og byggjer kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

- Lærande møte
- Refleksjonar og deling av erfaringar - både i mindre grupper og i fellesskap
- Systematisk rettleiing
- Planleggingsdagar, kurs og møte
- Plantid som gjev rom for eigenutvikling for alle tilsette
- Samarbeid med andre instansar

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling i verksemda.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Våre metodar for planlegging:

- Planlegginga er basert på kunnskap om barn si utvikling og ressursar, observasjon, dokumentasjon, refleksjon og vurdering
- Me planlegg med utgangspunkt i årsplanen, med spesiell hovudvekt på progresjonsplanar og satsingsområde
- Observasjon av og samtale med barn, samt barneintervju, er med på å sikre barn sin medverknad i planleggingsarbeidet
- Foreldre har høve til å medverke i planlegging

- gjennom SU, brukarundersøkingar, foreldremøte og samtalar med personalet
- Det vert sett av tid til planlegging på ulike møtearenaer
- Drøfting og refleksjon over arbeidsmetodar i dei ulike gruppene

Vurdering

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut i frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadane til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget..»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

Våre metodar for vurdering:

- Årlege CLASS-observasjonar av eksterne observatørar på alle avdelingar. Me utarbeider handlingsplan med tiltak ut ifrå rapportane me mottok etter observasjonane.
- Årsevaluering for alle tilsette i barnehagen.
- Alle med.
- TRAS.
- Arbeid med resultat etter brukarundersøkingar, medarbeidarundersøkingar og Effectkartlegging.
- Rettleiing, refleksjon og tilbagemeldingar i kvardagen.

Dokumentasjon

«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Våre metodar for dokumentasjon:

- Pedagogisk rapport frå ped.leiarar på kvar base
- Nyhendebrev til foreldre på MyKid
- Bilete på MyKid
- Dagen i dag
- Observasjonar, barnesamtalar og foreldresamtalar
- Periodebrev
- «Utstillingar» av det barna har laga på veggjar på basane

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

- CLASS.
- Tuning in to Kids.
- Gruppedeling og skjerming av leik og aktivitet.
- Plan for tidleg innsats, låg terskel for å setja i gang tiltak.
- Nyttå den kommunale tenesta "PPT Lågterskel".
- Kurs og rettleiing frå Kvam Herad og FUS.
- Tilrettelegging av vaksenressursar slik at barn med spesielle behov er naturleg inkludert i kvardagen med gruppa si.



9. BARNEHAGEN SINE FAGOMRÅDE

Barnehagen har 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47).

Barnehagen fokuserer på tverrfagleg arbeid, og me jobbar med dei ulike fagområda gjennom lek og barna sin medverknad. Progresjonsplanen seier noko om innhaldet i kvardagen og er eit konkret verktøy for oss i barnehagen. Denne planen hjelper oss å sikra at alle barna tilpassa alder og mogning er innoom alle fagområda gjennom året. Me jobbar prosjektbasert og kvart tema vil vise att i dei ulike fagområda. Ein god progresjonsplan i kombinasjon med vaksne som er gode rollemodellar i lek og aktivitet gjennom heile dagen, sikrar ei god utvikling for barna.

10. VÅRT FOKUSOMRÅDE:

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Kunst, kultur og kreativitet er Sandven FUS barnehage sitt satsingsområde. I barnehageåra 25/26 og 26/27 skal me jobba med vårt satsingsområde spesielt gjennom eit ekstra fokus på bøker og musikk. Sandven FUS barnehage er ein «Syngende barnehage» og me har vårt eige barnehagebibliotek. Som medlem i prosjektet “Syngende barnehage” i regi av organisasjonen “Musikk fra livets begynnelse” har me tilgang til spanande og inspirerande kurs og nettressursar som me vil fortsetja å nytta oss av.

Song- og musikkglede

Å satsa på song og musikk i barnehagen bidreg til glede, musikalitet og tilknytning. Me ynskjer å satsa meir på song og musikk, styrka personalet sin musikkfaglege kompetanse og sikra at song og musikk vert ein endå meir naturleg del av barnehagekvardagen. Song og musikk i barnehagen er med på å styrka barnet si generelle og emosjonelle utvikling. Songen gjev oss gode musikkopplevingar og skaper glede, tryggleik og samhald. Me jobbar systematisk for at me skal ha eit felles songrepertoar i barnehagen.

Ved å nytta song som verktøy i barnehagekvardagen kan me bidra til å skapa ei auka merksemd og ei positiv stemning i rutinesituasjonar og overgangar. Til dømes vil song vera eit godt hjelpemiddel til trøyst og gode opplevingar under tilvenninga ved barnehagestart. Song og musikk kan hjelpa barna med å formidla kjensler og å forstå andre.

Song, rim og regler er spesielt nyttige for utviklinga av språket. I barnehagen er me ofte på jakt etter musikalsk stoff som finst

originalt på nynorsk, på kvammamål eller som er oversett til god nynorsk. Dette gjer me for å sikra at barna også får presentert song og musikk på eige målføre. Gjennom melodi, rytme, flyt og repetisjon styrker barnet språkutviklinga si. I songen leikar barnet inn nye ord og øver naturleg på oppbygging av setningar, uttale og språkforståing, merksemd, kommunikasjon og samspel med andre.

I musikken og i songleikar kan alle vera med. Felles-songen gjev ei kjensla av fellesskap og tilhøyrsløse for alle born uavhengig av morsmål, språkutvikling og funksjon. Dette er ein viktig arena for arbeid med inkludering, bygging av venskap og styrking og ivaretaking av relasjonar. Fleire gongar i året har me felles-



samlingar i barnehagen. Desse samlingane inneheld song, musikk, dramatisering og forteljing.

Bøker og leseglede

Høgtlesing er ein fantastisk måte å skapa magiske augneblink på, og til å byggja språkferdigheiter hos barn. Gjennom bøkene si magiske verd får barn og vaksne felles opplevingar og erfaringar, som kan vera med på å skapa grunnlag for leik. Boka si historie kan vera utgangspunkt for ein felles arena for leik og samspel som vert grobotn for utvikling av fantasi og kreativitet, inkludering og bygging av relasjonar og venskap.

Gjennom høgtlesing vert barna kjend med eit meir avansert språk enn det dei møter i kvardagen, noko som er med på å styrka språkutviklinga. Å lese saman med barn skapar tilhøyrslø og gode opplevingar mellom barn og vaksne. Bøkene kan gje grunnlag for gode samtalar der dei kan dele eigne erfaringar og refleksjonar, noko som gjev ein unik dynamikk. Forsking viser at barn som vert lesne for har betre føresetnader for å læra å lese når dei byrjar på skulen.

I barnehagen er me opptekne av at barna har lett tilgang på varierte bøker i ulike sjangrar og stiler og tema. Me er opptekne av at barna skal møta målføret sitt i litteraturen, og har difor hovudvekt av nynorske

bøker i barnehagen. Me ynskjer å legge til rette for god stemning både for høgtlesing og for «eigen-lesing», og har lesestol eller lesestole på kvar avdeling i tillegg til eige barnehagebibliotek. Ulike leikestolar har òg tilgjengelege temabøker som til dømes bøker om køyretøy i bilstolen og ei bok om kunst i teikne- og malestolen.

Linkar til årsplan, Sandven FUS barnehage
Progresjonsplan
Handlingsplan, trygt og godt barnehagemiljø





NOTAT:

